

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
062/16	Formannskapet	PS	09.06.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Therese Urdahl Braseth	15/3030

## Makebyte av tomt til ny Knarvik barneskule

### Vedlegg:

gnr 137 bnr 663gnr 137 bnr 761gnr 188 bnr 800avtale makebytte

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rådmannen inngår avtale om makebyte med Lindås tomteselskap for å erverve tomt til ny Knarvik barneskule.

.....

### Formannskapet - 062/16

#### FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

Rådmannen inngår avtale om makebyte med Lindås tomteselskap for å erverve tomt til ny Knarvik barneskule.

#### Saksopplysningar:

## Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

## Bakgrunn

Lindås kommune har vedteke å byggje ny barneskule i Knarvik i tråd med reguleringsplan «Områdeplan Lonelva Juvikvarden» vedteke 10.03.2011. Den aktuelle tomte har gnr./bnr. 188/800, er på 23.529,5 m<sup>2</sup> og er i dag eigd av Lindås Tomteselskap AS. Tomta er regulert til offentleg formål.

Lindås Tomteselskap AS ønskjer på sin side å utvikle eit tomteområde i Galtaråsen industrifelt gnr./bnr. 137/761 på 16.813,3 m<sup>2</sup>. Tomta er regulert til næringsføremål og er eigd av Lindås kommune.

Partane har på denne bakgrunn funne det hensiktsmessig å setje i verk eit makeskifte av dei aktuelle tomteareala/eigedomane.

## Vurdering

Vederlaget er avtalt til fastsett marknadsverdi, med utgangspunkt i takster innhenta av partane. For skuletomta vil pårekneleg bruk vere eit viktig element når ein skal setje takst. For å gjere oppgjeret meir likt ønskjer partane å inkludere eit areal som grensar til brann og driftsstasjonen på Alverflaten på Ca 1.272m<sup>2</sup> eigd av Lindås Tomteselskap AS.

Oppsummert:

Areal som vert overdrage frå Lindås Tomteselskap AS til Lindås kommune:

Gnr.188 bnr.800      Arealet utgjer Ca 23 529,5m<sup>2</sup>.      Verdi 17.000.000kr

Gnr. 137 bnr.663      Arealet utgjer Ca 1 272m<sup>2</sup>.      Verdi 2.000.000kr

Areal som vert overdrage frå Lindås kommune til Lindås Tomteselskap AS:

Gnr. 137 bnr. 761.      Arealet utgjer Ca 16 813,3m<sup>2</sup>.      Verdi 19.500.000kr

Dette gjer ei differanse (kontantoppgjjer) i favør Lindås kommune på 500.000kr.

Avtala må godkjennast i styret i Lindås tomteselskap AS, generalforsamlinga (formannskapet) og i kommunestyret.

I økonomiplanen for 2016-2019 er det lagt inn ei forventta inntekt på sal av Galteråsen på 18 millionar. Dette er løyst i 1.kvartalsrapport 2016, mellom anna ved å framdriftsjustere andre prosjekt.

.....

